

Statkraft Energi AS  
Lilleakerveien 6  
0283 OSLO

**Sakshandsamar:** Finn Owen Meling  
**Telefon direkte:** 45427874  
**Dato:** 15.11.2023  
**Referanse:** 23/08446-19

**Dykkar dato:** 11.04.2023  
**Dykkar referanse:** Monica Tryti

## Vedtak om konsesjon for å anlegga, driva og inneha to mellombelse helikopterplassar i Høyanger

### 1. Innleiing

**Mottakar: Statkraft Energi AS (org 987059729)**

Luftfartstilsynet viser til Statkraft Energi AS (org 987059729) sin søknad om konsesjon for to mellombelse helikopterplassar i Høyanger kommune, ved høvesvis Fjellvegen og Ekrene.

### 2. Bakgrunn

Det går fram av søknaden at Statkraft er blitt pålagt å riva utrangerte anlegg i Høyanger i samband med konsesjon for etablering av nye kraftverk i Makkoren og Eiriksdalen. Statkraft er òg pålagt å fjerna vassdragsanlegg som ikkje lenger blir haldne ved like.

For to av desse anlegga vil riving krevja omfattande bruk av helikopter. Desse er:

- Kraftstasjon K1, lokalisert rett vest for Høyanger sentrum og oppover fjellsida, med tilknytt rørgater, trallebane, trapp, spillhus og transformatoriosk.
- Kraftstasjon K2, lokalisert ved Ekrene i Dalsdalen og opp mot Nova, med tilknytt rørgater, trallebane og trapper.

Statkraft Energi AS har søkt om løyve til å drifta ein helikopterlandingsplass ved K1 for ein periode på 12 månadar frå 01.05.24 til 01.05.25, og ein helikopterlandingsplass ved K2 for ein

periode på 17 månadar frå 01.05.24 til 01.10.25. Luftfartstilsynet forstår det slik at dei aktuelle helikopterplassane er allereie opparbeidde riggområde som er tilpassa bruk for helikopter, særleg landingsplassen ved K2.

Talet på flyrørsler er utrekna av konsulentfirmaet Norconsult til 16550 samla for heile perioden. I utgangspunktet er det lagt opp til 8650 flyrørsler K1 (Fjellvegen) og 7900 ved K2 (Ekrene). Sidan det ut frå erfaring er vanskeleg å planleggja bruk av helikopter korrekt ned til kvar minste arbeidsoppgåve, har Statkraft Energi AS søkt om konsesjon på 18000 flyrørsler samla for dei to plassane.

Helikopter vil verta nytta alle dagar i veka utanom laurdag og søndag. Arbeidstida vil være kl. 0700 til 1900. Søkjaren går ut frå at det vil bli nytta helikopter frå Airlift AS som har base ved Bringeland i Førde. Entreprenøren har riggområde ved helikopterlandingsplassane.

Både ved K1 og K2 går det stiar i nærområdet som vert nytta av lokalbefolkninga. I traseen for helikopterflyging ved K1 ligg det enkelte hytter, og næraste hytte ligg 228m i luftlinje frå helikopterlandingsplassen. I traseen for helikopterflyging ved K2 ligg det ingen private hytter tett innpå landingsplassen. Søkjaren ber om unntak frå kravet om at støyutrekning skal vera ein del av konsesjonssøknaden.

### 3. Høyringa

Etter luftfartslova § 7-6 første ledd andre punktum skal det bli henta inn fråsegn frå vedkomande kommunale og andre styresmakter før ein treff avgjerd om konsesjonssøknaden.

Høyring om søknaden blei 3. august 2023 sendt til Høyanger kommune, Vestland fylkeskommune og Statsforvalteren i Vestland med frist til å gje fråsegn 1. november 2023.

Det er kome inn eitt fråsegn i høyringsrunden, frå Høyanger kommune. Kommunen skriv at dei i samband med konsesjon gjeve til dette prosjektet vil sjå det som naudsynt med dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel. Ein må sjå nærare på føremåla ved meir detaljert kartgrunnlag til dispensasjonssøknaden.

### 4. Luftfartstilsynet si vurdering

#### 4.1 Innleiing

Luftfartstilsynet vil i innleiinga framheva at konsesjonsreglane i luftfartsloven §§ 7-5 til 7-7 ikkje handlar om flyging generelt. Konsesjonsbehandlinga gjelder berre bruken av sjølve landingsplassen, og under dette den del av flyoperasjonen som gjeld innflyging til og landing på landingsplassen, operasjonar på landingsplassen og avgang frå landingsplassen.

## 4.2 Vurderingstema

Kor vidt ein søknad om konsesjon skal bli avslått eller heilt eller delvis innvilga, kjem an på ei vurdering av om å gje konsesjon vil vera «forenlig med allmenne hensyn», jf. luftfartslova § 7-6 første ledd første punktum. Denne vurderinga må ein gjera med omsyn til § 7-7, kor det er bestemt at konsesjon vert gjeve «for bestemt tid og på slike vilkår som finnes påkrevd».

Ordlyden viser til ei brei og heilskapleg vurdering. Luftfartstilsynet skal gjera ei skjønnsprega vurdering av om søknaden skal bli innvilga, kva vilkår som skal gjelda, og kor lang periode konsesjonen skal bli innvilga for.

Dei viktigaste skjønnsstema for vurderinga er presisert i § 1 bokstav b i forskrift 11. januar 2007 nr. 40 om konsesjon for landingsplasser (BSL E 1-1 - heretter konsesjonsforskrifta). I forskrifta står det at føremålet mellom anna er:

*«Å sikre en samfunnstjenlig luftfart og en hensiktsmessig disponering av arealer, og at vurderingen av konsesjonssøknader skjer ut fra hensynet til miljø, helse, flysikkerhet, næringsinteresser, reguleringsplan, kulturlandskap, samt hensynet til regional utvikling og bosetting.»*

## 4.3 Vurdering av «allmenne omsyn»

### 4.3.1 Innleiing

Luftfartstilsynet har vurdert konsesjonssøknaden opp mot allmenne omsyn, jf. vurderingstemaet som går fram av punkt 4.2 ovanfor. Som førespegla i høyringsbrevet, har me særleg vurdert søknaden opp mot forholdet til relevante arealplanar, forholdet til naturmangfaldlova og med blick til støy for omgjevnadane.

### 4.3.2 Forholdet til kommunal arealplan

Det følgjer av luftfartslova § 7-6 tredje og fjerde ledd at konsesjon som hovudregel ikkje kan bli gitt i strid med vedtekne arealplanar etter plan- og bygningslova. Ein kan likevel gi konsesjon i strid med arealplan dersom vedkomande plan- og bygningsstyresmakt samtykker til ferdigbehandling av konsesjonssøknaden.

Luftfartstilsynet stilte i høyringsbrevet spørsmål ved om dei aktuelle helikopterplassane kan gå inn under gjeldande arealplan, eller om det har blitt gjeve – eller er høve til å gje – dispensasjon frå planen.

Kommunen skriv at dei i samband med konsesjon gjeve til dette prosjektet vil sjå på det som naudsynt med dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel. Formåla må sjåast nærare på ved meir detaljert kartgrunnlag til dispensasjonssøknaden.

Luftfartstilsynet oppfattar innspelet frå kommunen slik at etablering av helikopterplassar neppe er i tråd med gjeldande arealplan, men at dei opnar for å gje dispensasjon frå planen. Sidan ein slik dispensasjon i så fall vil vera eit absolutt krav for å gje konsesjon, kan

Luftfartstilsynet berre gje konsesjon under føresetnad av at etableringa av helikopterplassane blir vurdert å vera i samsvar med kommunen sin arealplan, eller at kommunen gjev dispensasjon frå denne.

#### 4.3.3 Forholdet til naturmangfaldlova

Ved vurdering av konsesjonssøknaden legg Luftfartstilsynet vekt på lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfaldlova), §§ 8 til 12, jf. § 7. Reglane her stiller krav til at forvaltninga skal leggja til grunn visse prinsipp ved utøving av offentleg myndigheit, med føremål å verna naturmangfaldet.

Luftfartstilsynet påpeikte i høyringsbrevet at me ikkje var kjende med naturtilhøve i området som ein burde vera særskilt varsame på i denne samanhengen. Sjølve landingsplassane er i praksis allereie opparbeidde, slik at det vil vera den konkrete bruken av desse som vil kunna påverka naturmangfaldet. Me viste til enkeltfunn av gauk (ein art som er «nær truga») som er gjort i nærleiken av landingsplassen K2. Me har ikkje hatt grunn til å tru at desse enkeltfunna i seg sjølve skulle vera til hinder for bruk av denne landingsplassen. Me har i den vurderinga også lagt vekt på at begge landingsplassane er mellombelse helikopterplassar i område der det allereie er anleggsverksemd.

Ingen høyringsinstansar har hatt merknader på dette punktet.

#### 4.3.4 Støy

Når det gjeld støy, så har søkjaren ikkje lagt ved noko ny støyutrekning i samband med søknaden om forny konsesjon. I eit eige skriv bad søkjaren om dispensasjon frå kravet om støyutrekning, med grunnlag i konsesjonsforskrifta § 11, tredje ledd. Søkjaren skreiv i søknaden at helikopterlandingsplassane ligg i god avstand til bygningar med støysensitivt bruksføremål.

Luftfartstilsynet har funne å kunna dispensera frå kravet om støyutrekning i samband med søknaden om konsesjon. Det er i vurderinga særleg lagt vekt på at drifta av landingsplassen er mellombels og at det er få bustader i nærområdet. Me viser elles til at støyveggleiaren T-1442 først og fremst er eit planleggingsverktøy for bruk i den kommunale arealplanlegginga. Støysonekarta vil særleg bidra til å få fram moglege konsekvensar for arealbruken i nærområda til landingsplassen, men etter det Luftfartstilsynet forstår er utbygging i områda for tida ikkje eit tema. Vi kan difor ikkje sjå at det er behov for ei støyutrekning i denne omgangen.

#### 4.4 Oppsummering

Etter ei samla vurdering har Luftfartstilsynet etter dette komme fram til at det er i tråd med allmenne omsyn å gje konsesjon til å etablere, driva og inneha dei to landingsplassane det er søkt om, føresettt at det vert gjeve tilpassa dispensasjon frå gjeldande arealplan, eventuelt at arealplanen vert endra.

Landingsplassane får namna Høyanger helikopterplass, Fjellvegen og Høyanger helikopterplass, Ekrene. Det vert fastsett eigne og samla konsesjonsvilkår for landingsplassane, og det er konsesjonshavaren si plikt å setje seg inn i og følgje desse vilkåra. Konsesjonsvilkåra vert slik som føreslått i høyringa.

## 5. Vedtak

Med heimel i luftfartsloven § 7-5 flg., og forskrift 11. januar 2007 nr. 40 om konsesjon for landingsplassar, får Statkraft Energi AS (org 987059729) konsesjon til å etablere, driva og inneha Høyanger helikopterplass, Fjellvegen og Høyanger helikopterplass, Ekrene.

Konsesjonen varar til 1. oktober 2025, likevel slik at Høyanger helikopterplass, Fjellvegen, berre kan bli brukt fram til 1. mai 2025.

Det er eit vilkår for konsesjonen at det vert gjeve tilpassa dispensasjon frå gjeldande kommunal arealplan, eventuelt at arealplanen vert endra. Ytterlegare vilkår for konsesjonen følgjer som vedlegg.

For handsaming av søknaden må søkjaren betala gebyr, kr 39.800,-, jf. forskrift 17. januar 2023 nr. 58 om gebyr til Luftfartstilsynet mv. (BSL A 1-2) § 56 andre ledd bokstav b.

Gebyret vil bli fakturert.

## 6. Høve til å klaga

De kan klaga på dette vedtaket til Samferdselsdepartementet. Ein klage må bli sendt til Luftfartstilsynet innan 3 veker frå de fekk vedtaket. De kan lesa meir om høvet til å klaga her: <https://luftfartstilsynet.no/om-oss/saksbehandling>. De kan også ta kontakt med Luftfartstilsynet for å få meir informasjon om høvet til å klaga.

Med vennleg helsing

Nina Beate Vindvik  
juridisk direktør  
Direktoratsavdelinga

Finn O. Meling  
juridisk seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjend og krev derfor ikkje signatur.*

Kopi til: STATSFORVALTAREN I VESTLAND, Vestland fylkeskommune, Høyanger kommune